




## BARNEOMBUDET



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

|             |            |                      |            |            |
|-------------|------------|----------------------|------------|------------|
| Dykkar ref: | Vår ref:   | Saksbeh:             | Arkivkode: | Dato:      |
|             | 07/02322-2 | Janicke Sæther Olsen | 008;O;BO   | 17.12.2007 |

### Høyringsfråsegn: Framlegg til endringar i opplæringslova

Barneombudet støttar framlegget om endring i opplæringslova for å følgje opp dommen i Den europeiske menneskerettskonvensjonen.

Barneombudet viser til departementets høyringsbrev datert 05.12.2007 om framlegg til endringar i opplæringslova om endringar i reglar for fritak frå aktivitetar, undervisning i faget kristendoms-, religions- og livssynskunnskap, innhald og vurdering i grunnopplæringa.

Barneombodets oppgåve i høve lov og instruks er å arbeide for at barns behov, rettar og interesser blir tatt tilbørleg omsyn til på alle samfunnsområda. Ombudet skal særleg følgje med på at lovgjevinga til vern om barn sine interesser blir følgd, og at norsk rett og forvaltning samsvarar med dei plikter Norge har etter norsk lovverk og FNs konvensjon om barns rettar.

Barneombudet støttar framlegget om å endre opplæringslova §2-3a gjennom å føye til plikt til informasjon om innhaldet i opplæringa. Barneombudet er samd i at dette samsvarar betre med Den europeiske menneskerettsdomstolens avgjerd om KRL-faget.

EMD har også peika på at det er dei samla kvalitative skilnader mellom opplæringa i kristendoms-kunnskap samanlikna med dei andre elementa i faget som er i strid med Den europeiske menneskerettskonvensjonen. EMD peikar på at det er heilskapen som gjer at faget manglar truverde. Barneombudet er samd i at ei endring av namnet på faget vil vere eit viktig signal og bidra til likeverdig handsaming av alle religionar og livssyn. Ombudet peikar likevel på at krav om grundig kjennskap til Bibelen, kristendommen, den evangelistisk-lutherske kristendomsforståing og ulike kristne kyrkjesamfunn, framleis inneber ein skilnad samanlikna med berre krav om kjennskap til dei andre verdsreligionar, livssyn, etiske og filosofiske emne. Ombudet ser likevel ikkje at det å ha større kunnskap i seg sjølv vil vere i strid med EMK. Ombudet støttar framlegg om endring av opplæringslova §2-4 og §2-3, slik at namnet på faget blir endra til religion, livssyn og etikk.

Med vennleg helsing

Knut Haanes  
nestleiar

Janicke Sæther Olsen  
rådgjevar